

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 07.01.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans Stenby
Saka gjeld: **Spesialisthelsetenester ved universiteta**

Styresak 003/07 O
Administrerende direktør si orientering pkt 3

Styremøte 14. 02. 2007

Ved universiteta i Bergen, Oslo og Trondheim hadde studentsamskipnadane bygd opp eit eige helsetenestetilbod til studentane mellom anna finansiert med øyremerka tilskott frå Utdannings- og forskningsdepartementet. Tilbodet kom i tillegg til det ordinære helsetenestetilbodet i primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Det blei frå 2004 gjort ei omlegging i denne ordninga. Dei øyremerka midla blei då overført til Helse- og omsorgsdepartementet som fordelte dei til dei aktuelle regionale helseføretaka.

Dei regionale helseføretaka blei samstundes bedt om å vidareføre den økonomiske støtta til studentsamskipnadane.

Som følge av at tenestene ved dei tre universiteta var ulikt oppbygd, blei midlane fordelt svært ulikt. Helse Vest RHF fekk i samband med styringsdokumentet for 2004 overført kr 84 000 medan dei to andre regionale helseføretaka fekk 1,2 og 2,7 mill. kr.

Med bakgrunn i overføringa har Helse Vest RHF inngått ein avtale med Studentskipnaden i Bergen om eit årleg tilskott tilsvarende det beløpet som blei overført til Helse Vest RHF med prisjustering.

Helse Vest RHF har så langt på eiga hand ikkje sett grunnlag for å auke støtta til eigne studenthelsetenester. Studentar har i utgangspunktet same rettar til spesialisthelsetenester som andre og inngår i dei regionale helseføretaka sitt "sørgje for" ansvar.

Når dette er sagt vil departement i 2007 gjennomgå tilskottordninga for helsetenester til studentar og vurdere korleis ressursane bør fordelast til dei enkelte universitet/studentsamskipnadar, jf St.prp. nr 1 (2006-2007).